

Prop. 17 S

(2019–2020)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2019 under Utanriksdepartementet

*Tilråding frå Utanriksdepartementet 22. november 2019,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Samandrag

Under programområde 02 Utanriksforvaltning blir det gjort framlegg om å redusere løyvingane med netto 779 mill. kroner. Reduksjonen har samanheng med 740 mill. kroner i mindre utgifter under EØS-finansieringsordningane (kap. 117) og 42 mill. kroner i mindre utgifter til kontingentar for norsk medlemskap i internasjonale organisasjonar (kap. 116).

Under programområde 03 Internasjonal bistand blir det gjort framlegg om å auke enkelte postar med til saman 292,6 mill. kroner og redusere andre postar tilsvarende. Nye overslag viser at ODA-godkjende flyktningutgifter i Noreg blir 99,6 mill. kroner lågare enn budsjettet for 2019. Mindre utgiftene blir i denne proposisjonen foreslått omdisponerte til m.a. humanitær hjelpe, klima og miljø, helse, utdanning og hjelpe til sårbarer statar og regionar.

skapsdepartementet, Prop. 114 S (2018–2019), Innst. 391 S (2018–2019). Gjennom fondsperioden har det vore forventa at Noreg tek i mot om lag 14,3 mill. euro i refusjon frå fondet, jf. omtale i Prop. 1 S (2018–2019) for Justis- og beredskapsdepartementet.

Utanriksdepartementet har sidan 2016 hatt ei auka driftsløyving på 3,7 mill. kroner under kap. 100, post 01 knytt til aktivitetar som fremjar auka kvalitet, effektivitet og tilgjengelegheit i visumarbeidet.

Vedtaket om ei tilleggstildeling på 1,65 mill. kroner til UD for 2019 vart avgjort av ISF-komiteen 30. mai 2018. Denne tildelinga vart ikkje med i Prop. 1 S (2018–2019) for Utanriksdepartementet og blir difor foreslått innarbeidd no.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 1,65 mill. kroner.

Post 71 Hjelpe til norske borgarar i utlandet

I juni i år vart fem foreldrelause, norske born henta heim frå Syria. Arbeidet med saka, som vart leia av Utanriksdepartementet, har ført til uventa utgifter i år for Utanriksdepartementet, til arbeidet med saka og transport til Noreg.

Utgangspunktet for all konsulær bistand er at den enkelte norske borgar dekkjer sine utgifter. Dette har ikkje vore aktuelt i denne saka. Av omsyn til bornas liv og helse vart eit fly rekvirert

2 Programområde 02 Utanriksforvaltning

Kap. 100 Utanriksdepartementet

Post 01 Driftsutgifter

Inntektene frå EU:s indre sikkerheitsfond (ISF) aukar i 2019, jf. omtale under Justis- og bered-

gjennom Forsvaret for transport til Noreg. Dette kosta 1,8 mill. kroner.

Løyvinga på posten utgjer 184 000 kroner for 2019. Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 1,8 mill. kroner for dekking av utgiftene til leige av fly.

Kap. 116 Internasjonale organisasjonar

Post 70 Pliktige bidrag

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 42,2 mill. kroner.

Reduksjonen har i hovudsak samanheng med mindre utgifter til FN sine fredsbevarande operasjonar. I 2019-budsjettet vart det lagt til grunn at Noreg skulle betale 0,849 pst. av utgiftene for FN sine fredsbevarande operasjonar. Denne faktoren vart vedtatt redusert til 0,754 pst. av FN sin budsjettkomité. Samstundes presser fleire medlemsland på for kutt i kostnadane, noko ein også i år har lukkast med. Det er kombinasjonen av den endra fordelingsnykelen og det pågående arbeidet med å kutte kostnadane som gjer at løyvinga kan reduserast. I tillegg er det nokre mindre justeringar pga. endra valutakursar m.m.

Kap. 117 EØS-finansieringsordningane

Post 77 EØS-finansieringsordninga 2014–2021, kan overførast

Post 78 Den norske finansieringsordninga 2014–2021, kan overførast

Nye prognosar frå sekretariatet for EØS-finansieringsordningane i Brussel (Financial Mechanism Office, FMO), viser lågare utbetalingar enn tidlegare budsjettet for i år.

Utanriksdepartementet har forhandla fram og underteikna rammeavtalar med 14 av 15 land. Avtalen med Ungarn er ikkje ferdigforhandla. Alle mottakarland, med unnatak av Ungarn, er no i ein utviklings- og oppstartsfase av program og prosjekt.

Forseinkingar i implementering og oppstart fører til reduserte behov på program- og prosjektnivå. Prognosane byggjer på innmelde behov frå mottakarlanda og desse byggjer ofte på til dels urealistiske ambisjonar frå landa. Dette er eit problem som ofte er drøfta i gjevarlandskomiteen (Financial Mechanism Committee – FMC), og blir fylgd opp av gjevarane og FMO under årsmøta med det enkelte landet.

Utanriksdepartementet legg til grunn at avsluttande løyving for finansieringsordningane

2014–2021 vil vere i 2025. Utbetalingane under ordningane er normalt låge i starten, men vil auke framover og sannsynlegvis nå ein topp i 2021.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga på post 77 *EØS-finansieringsordninga 2014–2021* med 360 mill. kroner og løyvinga på post 78 *Den norske finansieringsordninga 2014–2021* med 380 mill. kroner.

3 Programområde 03 Internasjonal bistand

Kap. 140 Utanriksdepartementet

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Det er noko mindre behov for midlar til tenestekjøp i 2019 enn tidlegare budsjettet.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 15 mill. kroner.

Kap. 150 Humanitær bistand

Post 70 Naudjhjelp og humanitær bistand, kan overførast

Talet på folk med behov for assistanse og vern er vedvarande høgt. Mange, store og langvarige kriser fører til at svært mange menneske er på flukt. Mange av dei er internt fordrivne. Finansieringsgapet mellom humanitære behov og tilgjengelege ressursar er stort. Det blir difor foreslått auka støtte. Aktuelle kanalar for finansiering vil vere Den Internasjonale Raude Kross-komiteen og FN.

Det blir gjort framlegg om å auka løyvinga med 26,9 mill. kroner.

Kap. 151 Fred, tryggleik og globalt samarbeid

Post 72 Sårbare statar og regionar, kan overførast

Det er eit stort behov for auka støtte til gjenoppbygging og stabilisering i dei frigjorde områda i Irak slik at internflyktingar skal kunne returnere og slik at ISIL ikkje skal vinne att fotfeste.

Det blir difor foreslått å auka støtta til FN sitt stabiliseringsfond for Irak. Fondet finansierar m.a. tiltak for å stimulere lokalt næringsliv og gjenoppbygging av bustadar og grunnleggjande infrastruktur som til dømes energiforsyning og helse-tilbod. Opphaveleg planlagt støtte til FN sitt stabiliseringsfond for Irak var 75 mill. kroner i 2019.

Det blir gjort framlegg om å auka løyvinga med 25 mill. kroner.

Post 74 Pliktige bidrag til FN-organisasjonar m.m., kan overførast

Løyvinga på posten dekkjer bistandsdelen av kontingentar i internasjonale organisasjonar Noreg er medlem i, jf. omtale under kap. 116, post 70 ovanfor. Utgiftene til pliktige bidrag for nokre av organisasjonane blir lågare enn budsjettet i år. Reduksjonen har i hovudsak samanheng med mindre utgifter til FN sine fredsbevarande operasjonar.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 20 mill. kroner.

Kap. 159 Regionløyvingar

Post 75 Afrika, kan overførast

Regjeringa foreslår å gje 10 mill. kroner til Verdsbanken sitt fleirgjevarfond for støtte til valutareform i Somalia og 10 mill. kroner til gjennomføringa av fredsavtalen i Den sentralafrikanske republikken, som m.a. omfattar støtte til valprosessen.

Det blir gjort framlegg om å auka løyvinga på posten med 20 mill. kroner.

Kap. 160 Helse

Post 70 Helse, kan overførast

Vaksinealliansen Gavi vart etablert i 2000 og har til no bidrige med vaksinasjon av 700 millionar born, og forhindra over 10 millionar dødsfall. Noreg har vore ein sentral samarbeidspartner og gjevar til Gavi. Gavi er den største mottakaren av støtte frå denne budsjettposten med totalt 6,25 mrd. kroner for perioden 2016–2020. Norsk støtte utgjer om lag 10 pst. av Gavi sine ressursar.

Regjeringa ser på Gavi som ein effektiv kanal for å redusere barnedødelegheit, for universell helsehjelp, global helsetryggleik og for fattigdomsreduksjon, og foreslår å auka støtta med 50,8 mill. kroner i år.

I tillegg til støtte til Gavi blir det foreslått 10 mill. kroner i auka støtte til menneske med funksjonsnedsetjing. Desse midlane vil bli lagt til satsinga på 37 mill. kroner til WHO sitt arbeid med hjelp til personar med funksjonsnedsetjing i år. Behova er store, og WHO kan nyttiggjere seg av 10 mill. kroner ekstra i år.

Det blir gjort framlegg om å auka løyvinga på posten med 60,8 mill. kroner.

Post 72 FNs aidsprogram (UNAIDS), kan overførast

UNAIDS er ein viktig organisasjon for å motverke hiv og aids i Afrika, noko som også fell saman med Regjeringa sitt auka fokus på Afrika sør for Sahara. Organisasjonen sitt budsjett for 2019 er redusert frå tidlegare år, og har ei underfinansiering på 25 pst. Regjeringa foreslår ei ekstra tildeling til UNAIDS på 10 mill. kroner.

Det blir gjort framlegg om å auka løyvinga på posten med 10 mill. kroner.

Kap. 161 Utdanning, forsking og fagleg samarbeid

Post 70 Utdanning, kan overførast

Regjeringa gjer framlegg om auka støtte til Education Cannot Wait (ECW). Ifylgje ECW lever det 75 millionar born og unge i område ramma av krise og konflikt med behov for støtte til utdanning. ECW har som mål å mobilisere USD 1,8 mrd. til utdanning i krise og konflikt innan 2021.

Noreg bidrog med 188 mill. kroner i perioden 2016–2018 og har lova å støtte fondet med 500 mill. kroner i perioden 2019–2022. Den norske lovnaðen strekkjer seg eitt år utover perioden for ECWs eige finansieringsmål. Auka støtte i 2019 vil bidra til at ECWs finansieringsmål kan bli nådd innan 2021, og at fleire born og unge får tilgang på utdanning av god kvalitet. Utdanning i krise og konflikt er høgt prioritert i Regjeringa si globale utdanningssatssing.

Det blir gjort framlegg om å auka løyvinga med 20 mill. kroner.

Post 72 Kunnskapsbanken og fagleg samarbeid, kan overførast

Grunna forseinka framdrift i enkelte prosjekt og program under Kunnskapsbanken blir det foreslått omprioritering av ledige midlar.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 18 mill. kroner.

Kap. 162 Næringsutvikling, landbruk og fornybar energi

Post 70 Næringsutvikling og handel, kan overførast

Grunna forseinka framdrift i enkelte prosjekt blir det foreslått å omprioritere ledige midlar til Norfund, jf. omtale nedanfor.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 20 mill. kroner.

Norfund

Post 75 Norfund – tapsavsetjing

Post 95 Norfund – grunnfondskapital ved investeringar i utviklingsland

Det blir foreslått auka løyvingar til Norfund. Dette vil bidra til realisering av Norfund sin strategi (2019–2022), som mellom anna har som mål å styrke investeringane i dei minst utvikla landa.

Det blir gjort framlegg om å auka løyvinga på post 75 (tapsavsetjing) med 7,5 mill. kroner og post 95 (grunnfondskapital) med 22,5 mill. kroner.

Kap. 163 Klima, miljø og hav

Post 70 Miljø og klima, kan overførast

Regeringa vil styrke innsatsen for klimatilpassing og førebygging av naturkatastrofar og hungersnaud.

Det blir foreslått auka støtte til FN sitt organ for katastrofeforebygging (UNDRR) med 5 mill. kroner, og Verdsbanken sin globale fasilitet for katastrofereduksjon (Global Facility for Disaster Reduction and Recovery – GFDRR) med 5 mill. kroner. Begge organisasjonane har behov for midlar til aktivitetane sine i 2019. Vidare blir det foreslått 90 mill. kroner i tilskot til Klimakonvensjonen sitt tilpassingsfond.

Det blir gjort framlegg om å auka løyvinga på posten med 100 mill. kroner.

Post 71 Hav og marin forsøpling, kan overførast

Det er for 2019 budsjettet med 400 mill. kroner til oppfølging av ambisjonen om 1,6 mrd. kroner til eit fleirårig program mot marin forsøpling over fireårsperioden 2019–2022. Det viser seg å ta tid å setje opp eit nytt program og identifisere relevante samarbeidspartnarar og prosjekt. Grunna seinare framdrift enn først rekna med blir det foreslått at ledige midlar i år blir omprioriterte til andre tiltak på bistandsbudsjettet.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 120 mill. kroner.

Kap. 179 Flyktingtiltak i Noreg

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Nye overslag frå Justis- og beredskapsdepartementet (JD), Kunnskapsdepartementet (KD) og Barne- og familidepartementet (BFD) tilseier 99,6 mill. kroner lågare ODA-godkjende flyktingutgifter enn tidlegare budsjettet for 2019. Det blir i denne samanhengen vist til nærmare omtale i budsjettproposisjonane til dei respektive departementa.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 99,6 mill. kroner.

Andre saker

Garantiordning for fornybar energi

Stortinget bad Regjeringa gjennom vedtak nr. 80 (2018–2019) om å utgreie ulike modellar for, og komme tilbake med ei vurdering av, ei garantiordning for fornybar energi i utviklingsland.

Regjeringa forslår at det ikkje skal etablerast eit nytt norsk garantiinstrument, men at det heller skal gjennomførast ei satsing på garantiar for fornybar energi gjennom styrking av og samarbeid med eksisterande garantiinstitusjonar.

For å kunne gjere utbetalingar til garantiordninga for fornybar energi i 2019 blir det i denne proposisjonen foreslått følgjande romartalsfullmakt frå Stortinget:

«Stortinget samtykker i at Utanriksdepartementet blir gjeve unnatak frå stortingsvedtak av 8. november 1984 om utbetaling av gjevne løyvingar på følgjande måte: Utbetalingar av samla tilskot på inntil 300 mill. kroner til garantiinstrument for fornybar energi i utviklingsland kan skje i samsvar med regelverket til den enkelte garantiinstitusjonen.»

Norsk tilslutning til betalingsmekanism for Iran (INSTEX)

Noreg vil slutte seg til betalingsmekanismen som er oppretta for Iran (INSTEX). Dersom utbetalingsa skjer i 2019, vil dette bli utgiftsført på kap. 159 *Regionløyvingar*, post 70 *Midtausten og Nord-Afrika* og rapportert i kapitalrekneskapen. Dersom utbetalingsa skjer først tidleg i 2020, vil den bli utgiftsført på same kapittel og post og Regjeringa vil orientere Stortinget om saka i samband med RNB 2020.

Utanriksdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under
eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget
om endringar i statsbudsjettet 2019 under
Utanriksdepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2019 under Utanriks-
departementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringar i statsbudsjettet 2019 under Utanriksdepartementet

I

I statsbudsjettet for 2019 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
100		Utanriksdepartementet	
	01	Driftsutgifter, vert auka med	1 650 000
		frå kr 2 277 544 000 til kr 2 279 194 000	
	71	Hjelp til norske borgarar i utlandet, vart auka med	1 800 000
		Frå kr 184 000 til kr 1 984 000	
116		Internasjonale organisasjonar	
	70	Pliktige bidrag, vert redusert med	42 201 000
		frå kr 1 565 201 000 til kr 1 523 000 000	
117		EØS-finansieringsordningane	
	77	EØS-finansieringsordninga 2014–2021, <i>kan overførast</i> , vert redusert med	360 000 000
		frå kr 1 309 000 000 til kr 949 000 000	
	78	Den norske finansieringsordninga 2014–2021, <i>kan overførast</i> , vert redusert med	380 000 000
		frå kr 838 000 000 til kr 458 000 000	
140		Utanriksdepartementet	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , vert redusert med	15 000 000
		frå kr 151 942 000 til kr 136 942 000	
150		Humanitær bistand	
	70	Naudhjelp og humanitær bistand, <i>kan overførast</i> , vert auka med	26 886 000
		frå kr 4 716 700 000 til kr 4 743 586 000	
151		Fred, tryggleik og globalt samarbeid	
	72	Sårbare statar og regionar, <i>kan overførast</i> , vert auka med	25 000 000
		frå kr 705 890 000 til kr 730 890 000	
	74	Pliktige bidrag til FN-organisasjonar mv., <i>kan overførast</i> , vert redusert med	20 000 000
		frå kr 276 000 000 til kr 256 000 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
159		Regionløyvingar	
	75	Afrika, <i>kan overførast</i> , vert auka med	20 000 000
		frå kr 995 584 000 til kr 1 015 584 000	
160		Helse	
	70	Helse, <i>kan overførast</i> , vert auka med	60 757 000
		frå kr 3 570 186 000 til kr 3 630 943 000	
	72	FNs aidsprogram (UNAIDS), <i>kan overførast</i> , vert auka med	10 000 000
		frå kr 130 000 000 til kr 140 000 000	
161		Utdanning, forsking og fagleg samarbeid	
	70	Utdanning, <i>kan overførast</i> , vert auka med	20 000 000
		frå kr 2 723 496 000 til kr 2 743 496 000	
	72	Kunnskapsbanken og fagleg samarbeid, <i>kan overførast</i> , vert redusert med	18 000 000
		frå kr 863 714 000 til kr 845 714 000	
162		Næringsutvikling, landbruk og fornybar energi	
	70	Næringsutvikling og handel, <i>kan overførast</i> , vert redusert med	20 000 000
		frå kr 546 700 000 til kr 526 700 000	
	75	Norfund – tapsavsetjing, vert auka med	7 500 000
		frå kr 543 750 000 til kr 551 250 000	
	95	Norfund – grunnfondskapital ved investeringar i utviklingsland, vert auka med	22 500 000
		frå kr 1 406 250 000 til kr 1 428 750 000	
163		Klima, miljø og hav	
	70	Miljø og klima, <i>kan overførast</i> , vert auka med	100 000 000
		frå kr 973 642 000 til kr 1 073 642 000	
	71	Hav og marin forsøpling, <i>kan overførast</i> , vert redusert med	120 000 000
		frå kr 467 967 000 til kr 347 967 000	
179		Flyktningtiltak i Noreg	
	21	Spesielle driftsutgifter, vert redusert med	99 643 000
		frå kr 662 329 000 til kr 562 686 000	

II

Om garantiar

Stortinget samtykker i at Utanriksdepartementet blir gjeve unnatak frå stortingsvedtak av 8. november 1984 om utbetaling av gjevne løyvingar på følgjande måte: Utbetalingar av samla tilskot på

innti 300 mill. kroner til garantiinstrument for fornybar energi i utviklingsland kan skje i samsvar med regelverket til den enkelte garantiinstitusjonen.

